



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 11.11.2021
Møtested: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 22:00

Monika Kvamme fungerer som kommunedirektør i dette møtet.

Nina Strømsnes frå Nav Fensfjorden kjem for å orientera (har fått tid klokka 18.00)
Alver barnevern ved Sissel M. Frotjold kjem for å orientera (har fått tid klokka 19.00)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
077/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
078/21	Godkjenning av møteprotokoll
079/21	Meldingar
080/21	Orienteringssak
081/21	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i NH 2021-2031
082/21	Klimamål for Austrheim kommune i arbeidet med Kommunedelplan for klima og energi i Austrheim kommune
083/21	Mandat og retningslinjer for val av ungdomsrådet
084/21	Utviding av ramme for startlån
085/21	Fullmakt til ordførar ved handtering av covid-19 pandemien
086/21	Suppleringsval - ny vara for Bygdelista i kommunestyret

Austrheim 5. november 2021

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
077/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1212

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
078/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1212

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 23.09.2021

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 23.09.2021
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 22:00

Orienteringar til kommunestyret:

- Korona (Monika Kvamme)
- Status ROP-bustader/Årårshaugen omsorgsbustader (Monika Kvamme)
- Hage Nordliheimen (Monika Kvamme)
- Flytting av fysioterapeutar (Monika Kvamme)
- Organisering/organisasjonskart (Bjørnar Fjellhaug)
- Skule, generelt (Bjørnar Fjellhaug)
- Skuleruter/buss (Bjørnar Fjellhaug)
- Status ventilasjonsanlegg Kaland skule (Rolf Henning Myrmel)
- Status varme- og ventilasjonsanlegg Kystbarnehagen (Rolf Henning Myrmel)
- Vassutbygging (Rolf Henning Myrmel)
- Trafikksikring (Asbjørn Toft)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Ann Kristin Leirvåg	AP
Lise Renate Helle	SP
Marita Terese Bru	BIA

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjarne Ve Sæbø, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Rolf-Henning Myrmel

Austrheim 15. oktober 2021

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
061/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
062/21	Godkjenning av møteprotokoll
063/21	Meldingar
064/21	Orienteringssak
004/21	Høyring om ny kirkelig organisering - Müller-Nilssen-utvalets utgreiing
067/21	Avtale om plassering av buss-skur ved snuplass for buss på Njøten
068/21	Sal av Arbeidssenteret
069/21	Rapport 2. tertial 2021
070/21	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
071/21	Framtida til kyrkjelydshuset
072/21	Ny utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd
073/21	Ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR
074/21	Oppdatert finansreglement
005/21	Spørsmål frå Jan Erik Espelid, Bygdelista i Austrheim

061/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Helge Dyrkolbotn (KrF) kommenterte at det var saker som burde innom formannskapet først, som sal av arbeidssenteret.

Ordførar Lerøy sa seg samd i at det var saker til møtet som skulle vore oppe i formannskapet først, men desse sakene var nok ikkje klare til det siste formannskapet som var før dette kommunestyret. Kommunestyret må vurderer sak for sak om ein evt. skal ta utsettingar på dei sakene som ikkje har vore innom formannskapet.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 061/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

062/21: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Jan Nordø (Bygdelista) påpeikte at det skal gjerast ei retting i protokollen frå møtet 16. juni 2021, frå sak 45/21 om attgroing. Dette er retta i protokollen frå det aktuelle møtet, rett vedtak er:

Austrheim kommune løyver kr. 100.000 til tiltak for førebygging av utmarksbrann omkring Åråsfeltet og område sør for kommunesenteret. Midlane vert teke frå 251080048 Fond - komp.retaksering verk og bruk. Kommunen skal motverke attgroing av opne landskap gjennom aktiv landskapsforvaltning og effektive landbrukstiltak. Dette vil me få til gjennom å utarbeida kommunal temaplan mot attgroing, med mål, strategiar og tiltak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med retting for sak 45/21

KS - 062/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent, med retting for sak 45/21

063/21: Meldingar

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om meldingane.

Viste til Statsforvaltar si stadfesting av utmeldinga frå Robek-lista, med ei tilråding om at det bør vera sjølvfinansierande investeringar ein prioriterer. Har ikkje uavgrensa med midlar til utbygging av skulane, så kommunen må frigjera kapital gjennom sal av eigedommar ein har.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 063/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

064/21: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Orienteringar til kommunestyret:

Om Korona, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:

- Skal over i «Normal kvardag med auka beredskap».
- Austrheim er over landssnittet på vaksining.
- Ferdig med aldersgruppa 12-15, medan gruppa 16-17 år som skal ha to dosar skal vaksinerast med andre dose i første del av november.
- No skal kommunen sjølv bestilla vaksiner og hurtigtestar.
- Er no i ferd med å setta sluttdato på dose 1 vaksine.
- I møte med Statsforvaltar er det sagt at kommunane skal skissera korleis ein ser for seg hausten.
- Personellet er slitne, håpar å nedjustera dette arbeidet no. Folk har gjort ein fantastisk jobb.

Ordførar Per Lerøy viste til at ein har halde smitten ute frå skule, barnehage og eldresenter. Han berømma dei tilsette for ein flott utført jobb, no må ein berre halda fram med denne gode trenden og unngå å stenga ned.

Kommunalsjef Monika Kvamme sa at det kan verta tøft når mange får influensaen og skal halda seg vekke frå jobb. Får 800 influensavaksinar no etter Korona, til dei i risikogrupper og helsepersonell.

Om status ROP-bustader/Åråshaugen omsorgsbustader, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:

- Prosjektet har no namnet Åråshaugen omsorgsbustader. Frå administrasjonen jobbar Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel og Monika Kvamme med prosjektplan og mandat.
- Har rydda tomte, som er på toppen bak kommunehuset, på austsida.
- Link Arkitekt startar i veke 40 med teikning av bygga, teikningane klare i løpet av oktober.
- Er i kontakt med Husbanken for å få finansiert noko gjennom dei.

Rikke Heldal Hope spurte om nærleiken til barnehage og skule. Monika Kvamme svara at det er lite tilbod om ROP-teneste i Austrheim, og kommunen må planlegga med større bemanning på dette. Dei som flyttar inn der vil krevja ulike typar tenester.

Om hage Nordliheimen, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:

- Kaland trelast skal laga plating og store bed til denne hagen. Når dette er ferdig, kjem Arilds Port og skal setta opp gjerde. Bestilt ei markise. Vore i kontakt med Neptunklubben som skal gjera litt arbeid på dugnad. Har venta på prisar, kan ikkje bestilla utan at ein veit kva det skal kosta.

Om flytting av fysioterapeutar, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:

- Frå 1. oktober skal fysioterapi-tenesta og ergoterapeut samlokaliseras i nye lokale på Mastrevik Torg, saman med privatpraktiserande fysioterapeut Roger Villanger.
- Er i dei tidlegare banklokala, med treningssal, 4 behandlingsrom til tre fysioterapeutar og ergoterapeuten, spiserom og garderobe.
- Ser at dette vert bra for brukarane, med kort avstand til parkering, lege og apotek. Det var trong for ei modernisering, og her er det universell tilkomst.
- Skal også driva førebyggjande arbeid, fallførebygging og anna.
- Coop har gjort bygget klart til denne bruken. Ombygginga er kostnadsrekna til 300-400.000 kroner, dette reflekterer seg i husleiga som kommunen skal betala.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte om leigekostnaden for lokala. Kvamme svara at det er 1.200 kroner kvadratmeteren, dette skal delast med Roger Villanger. Avtalen strekkjer seg fem år fram i tid.

Om organisering/organisasjonskart, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Nytt organisasjonskart ligg i innkallinga, under meldingar.
- Ny kommunalsjef oppvekst og kultur er Trine Merete Jansen, som startar 1. desember.

Om skule, generelt, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Skulen er i gang for hausten, med litt auka korona-tiltak som reine hender med meir.
- Glade for at ein ikkje har fått smitte inn i skule eller barnehage.
- Arbeidslivsfag på ungdomsskuletrinnet, eit samarbeid med AVS, fungerer bra.
- 5 dagars veke og kortare dagar har gitt betre skulekvardag, kortare dagar.
- Kulturskulen, no er dette tilbodet tilbake på Kaland etter at det under Korona har vore berre på kulturskulen/Seniorsenteret.
- Visuelle kunstfag er på plass som eit nytt fag.
- Har 104 elevar i kulturskulen i år alt i alt.

Om skuleruter/buss, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- På Årås er det kring 10 elevar på 1.-3. trinn som er ferdige klokka 13.00. Dei vert henta av tre bussar. Enkelte dagar er det ingen barn på enkelte ruter.
- Også Kaland melder også at det kan vera lite elevar på enkelte avgangar.
- For eldre elevar er det enkelte dagar elevar som er på arbeidslivsfag på AVS.
- Kommunen dekker utgifter ut frå elevtal, og ikkje per buss.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes sa at det har vore gitt melding frå kommunen om behov for skyss, og det er det skyssen er basert på. Skyss brukar tilbakemeldingar, jobbar med ruteplanlegging og deretter skal dei varsle operatør som skal laga sine skiftplanar. Tek tid å snu dette. Minsteprisen er no 20 kroner per bestilte reisande, som kommunen betaler Skyss.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein kanskje må sjå på gratis SFO, heller at ein elev skal heim etter skulen på ein nesten tom buss. Slik kan ein få alle til å vera på skulen til felles buss klokka 14.00. Dette har eit miljøaspekt, og det er slitasje på veg og materiell. Ber kommunedirektøren sjå på kva som er fornuftig i denne saka.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at skyss heim kjem an på kven som skal på SFO, skal andre plassar enn heim, eller blir henta.

Morten Sognes (H) spurte om betaling, svaret er at kommunen betalar skyss per elev.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om kostnader ved gratis SFO, ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at kommunedirektøren kjem med ulike løysingar på korleis ein kan løysa dette.

Skuleprosjekt, oppgradering og utbygging, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte: (Er på gang ei høyring av opplæringslova – ny lov ikkje i kraft i det neste budsjettåret, men frå 2023).

- For Kaland ser ein på ulike løysingar med kostnadsramme, inkludert plan for uteområdet. Kommunedirektøren ønskjer at Kaland 1 vert rive, vil kosta mykje å få dette bygget i stand til å bruka til tenester. Heller riva det og legga arealet til rette som nytt uteområdet for elevane.
- For Årås ser ein på ulike alternativ, mellom anna er det mogleg med eit tilbygg. Eller kan ha ungdomstrinnet i del C eller D. Ulike kostnader ved dei ulike alternativa. Er ønskjer frå skulane, det påverkar kostnader. Skulane har frist til 1. oktober til å melda inn ønskjer.
- Rundt 20 millionar må dekkja utbygging for begge skulane. Kommunen står framleis ikkje fritt til å låna til investeringar som ikkje er sjølvfinansierande, må dekkja ein del ved å selja bygg. Kjem tilbake til neste formannskap med oversikt over dei kostnadsrammene som ligg.

Ordførar Per Lerøy spurte om Norconsult kan komma for å orientera formannskapet i samband med møtet 21/10, og at ein får lagt fram kommentarane som har komme frå skulane.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det ikkje er sikkert at begge skulane er klare til skulestart hausten 2022, men i løpet av 2022 skal dei vera klare. Viktig å vera realistisk.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er lova ungdomsskulelevane og foreldra at skulen skal vera klar når dei er på plass frå august 2022, må prioritera dette.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H), spurte om kva som skjer med undervisninga under utbygginga. Her svara kommunedirektør Fjellhaug at elevane for ein periode må ha undervisning på alternativ plass, som klubbhuset eller Ungdommens Hus.

Fjellhaug sa vidare at arbeidet må gjerast skikkeleg når ein er i gang. Tenker på starta med

anbudsrunde kvar for seg for Kaland og Årås. Å dela dette vil gjera det lettare for lokale firma å vera med og leggja inn tilbod på arbeidet. For Kaland ligg i utomhusplanen at Kaland 1 skal vekk, og området skal lagast slik at ein får tydeleg skilje mellom barnehage og skule.

Britt M. Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om Kaland 1. Fjellhaug svara at det har vore ulike alternativ for opprusting, men skal det brukast må det investerast ein del i bygget for å halda det oppe. FAU og SU samde om at dersom Kaland 1 ikkje skal brukast så må det vekk. Per Lerøy (Ap) viste til at arbeidsgruppa som vart tenkt sett ned ikkje var etablert då det ikkje var lovleg å ha tilsette og politisk valde i same utval. Alle som FAU og andre må komma med sine innspel for kva som skal gjerast med Kaland 1. Estimatet er 30 millionar for rehabilitering, må ha betre valuta med å bruka dette på ein annan måte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at Kaland er fint bygg, men elles betyr lite. Ombygging gjer undervisninga vanskeleg, må ha fram kostnaden med å flytta elevane til andre bygg i samband med byggeperioden.

Ser ut for at det vert gode løysingar for begge skulane. Skulle gjerne hatt 40 millionar til dette, men har ikkje det. Ser at det er løft som må gjerast også på Nordliheimen.

Fjellhaug svara om alternative lokale at målet er å komma med dette til formannskapet 21.10 og deretter i neste kommunestyre. Alternativa omfattar paviljong i byggeperioden, vil problematisera og løfta det fram det.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte status ventilasjonsanlegg Kaland skule:

- Manglar kraft på Kaland, bassenget har elkjele på 36 kilowatt men kan ikkje drivast på meir enn 24 kilowatt.
- Jobbar med BKK for ny trafo eller splitta det slik at husstandar rundt kan få straum andre vegar.
- Har for lite kraft til å driva Kaland skule
- Ser på 4 nye borehol til 200 meter og ei større varmpumpe for å avlasta situasjonen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at energieffektivisering er viktig, Myrmel svara at det er ein del av prosjektet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kommunen får støtte frå Enova, Myrmel svara at det er mogleg å få støtte, men ordninga er dårlegare enn tidlegare.

Aslak Bakke (H) spurte om tilgang til kraft. Per Lerøy (Ap) svara at det er dialog med BKK om dette, det kjem på plass men kan vera til dels stor eigendel. Dårleg tilgang til straum i nærleiken av Mongstad-krysset.

Reidar Øksnes (Ap) spurte om kva som er vurdert som løysing, Myrmel svara at det er sett på fleire borehol for å auka storleik varmpumpe, men treng også ein ny trafo. Tek det med i dette prosjektet, for å sikra ferdigstilling.

Gro Kaland (Sp) spurte om status framdrift, Myrmel svara at det er henta inn prosjektprisar, og vil ta det med i anbodet som no skal ut for ombygginga på Kaland.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om status varme- og ventilasjonsanlegg Kystbarnehagen:

- Teknisk rom er bygd om, varmpumpene er i drift, driv testkøyring. I månadsskiftet oktober/november skal det stillast inn i golvet endeleg. No fungerer varmpumpene. Skal regulerast i okt./nov. slik at dette anlegget kan kjørast automatisk.
- Skal så regulera også ventilasjonsanlegget som også går på vassboren varme.
- Det er nok slik at det er levert dokumentasjon på innregulering av ventilasjon og varmeanlegg, men det er ikkje gjort. Aktørane har gått konkurs etter kvart, slik at det ikkje har vore noko ein kan gå på i etterkant.

- Har også utfordringar med at fall i vasstrykket får det til å lekka i ventilane. Får ikkje forsikring på dette, kommunen får rekninga.

Monika Thorpe (Ap) spurte om kva kommunen gjer me i neste runde for å unngå å hamna i denne situasjonen igjen. Kva er prosedyren og korleis passar me oss for dette. Myrmel svara at for Kystbarnehagen så var anbodet gjort slik at det var underleverandørane som hadde alt ansvaret på dette. Skal vera påpasselege i slike kontraktar at hovudentreprenøren ikkje kan fråskriwa seg ansvaret. Ser at det er betre å ha gode planar og bruka litt meir tid, enn å jobba i blinde. Tilsett byggeleiar frå 1. oktober, har vore ein krevjande jobb, ser fram til å få denne på plass.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om kven som har tilsyn og driftsansvar, er det slik at denne kjenner anlegget og forstår det. Viktig at denne typen anlegget er skikkeleg drifta. Myrmel svara at det er rett at ein må ha opp kompetansen på dette.

Gro Kaland (Sp) sa at det er kaldt i enkelte rom på Kaland skule, Myrmel svara at det er eigne varmpumper for å varma gymsalen der. Ikkje nok energi for å få varmen opp.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at ein er tydelegare på dette med kontraktar og forsikring, må vera tøffe i forhandlingar om gode avtalar i forkant.

Per Lerøy (Ap) sa at han håpar at ein får brukt lokale og seriøse firma som vert verande. Det er enkelte som spekulerer i å gjera det for raskt, og går konkurs før dei er ferdige..

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er mogleg å laga noko gruppe på energiutbygging i Austrheim framover. Per Lerøy (Ap) svara at det skal lagast ein miljø og energiplan. Einingsleiar teknisk drift Myrmel sa at det er meldt tilbake til høgskular at Austrheim er interessert i samarbeid med studentar, men så langt er det ikkje blitt gjennomført. Er veldig positive til å la studentar til å gå gjennom bygga i kommunen. Myrmel sa vidare at Kystbarnehagen no har varmpumper slik at ein sparar ein del straumutgifter.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om vassutbygging:

- Bygger no Utkilen - Mastrevik - Idrettshallen og inn på eksisterande anlegg. Grøftar også med ny kloakkleidning Mastrevik - idrettshallen for å pumpa opp kloakken som renn til indre basseng Mastrevik og pumpa det ut i Blodvika på sjøside.
- Fått inn veldig gode prisar på dette arbeidet.
- Så godt som ferdig til å senda ut anbod på kloakkstasjon i Åråsvågen og på Leikvoll, dette skal ut i oktober.
- Kloakken på Nordliheimen er rehabilitert med strømppe og er klart til bruk igjen. Sett ned ny kumme utvendig slik at ein kan kopla seg på.
- Vatn til Førland må venta ei stund til, det er att eit stykke Åråsdalen og til høgdebassenget, som skal ha dobbel leidning. Når dette er klart, kan ein starta til Førland. Ordførar Lerøy ba om at det vert prosjektert vassleidning til Førland. Myrmel sa at det er OK, ser på kva trasé som er sannsynleg, trur det vert på eksisterande leidning

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om det nye organisasjonskartet, og viste korleis dei ulike oppgåve er løyst og plassert i organisasjonen. Dette låg ved til kommunestyret mellom meldingane.

Kjem på nett med namn på kven som er i dei ulike stillingane.

Organisasjonen skal evaluerast når avdelingane har eksistert ein periode. Ser at Helse/Omsorg har eit stort spenn, men ikkje midlar til fleire leiarar. Ser på kva som er mest tenleg organisasjon. Ser fram til å få ein normal organisasjon frå 1.1.22 med alle kommunalsjefane på plass.

Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med trafikksikring:

- Austrheim kommune er resertifisert som trafikksikker kommune no i 2021.
- Rullerer kommuneplan for trafikksikring, Sweco har jobben, mange innspel, kjem på

- høyring til formannskapet oktober/november.
- Har bedt om nedsett fartsgrense strekket Kaland-rundkjøringa Mongstad, vil ha 60 km/t der.
 - Vegdirektoratet heldt på med vurderingar enno for Vardebrua. Ordførar har no sendt brev til direktoratet. Komposittbrua er på tredje gangs vurdering i direktoratet, no er det ikkje håp om at brua skal kom på denne sida av nyttår.
 - Prosjektet med fortau seniorsenteret til sjukeheimen skal ut på anbod no i oktober, har fått støtte.
 - Kantklipping skal gjera det tryggare langs vegane. Fylket har tatt sine vegar, kommunen tar no sine. Tar også oppmerking av fortau og overgangar.

Per Lerøy (Ap) etterlyste flytting av HC-parkering på Årås, det må komma på plass, Asbjørn Toft svara at denne merkinga skal gjerast kanskje kjapt.

Gro Kaland (Sp) spurte om skulevegen på Kaland, der burde ein sykla på fortauet, kanskje burde vegen vore einvegskjørt i tider. Toft svara at dette med einvegskjøring vert vurdert på tider av døgnet for å gjera det tryggare.

Gro Kaland (Sp) sa at om det ikkje kjem noko utbetringar frå Kaland skule til rundkjøringa, så må det ryddast der. Asbjørn Toft svara at kommunen jobbar med dette.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein må fiksa rekkverket ved kaien på Øksnes, men får lokalt folk materialar så skal me ordna det.

Rikke Heldal Hope spurte om lys på barnehagen-parkeringa Kystbarnehagen. Asbjørn Toft lova å sjå på dette, om det kan komma på plass.

Ordførar Per Lerøy orienterte om arbeidet som er gjort med å vera dørøpnar for Jan Hedberg sine tankar om resirkulering av innsamla plast, eit mogleg prosjekt på Mongstad. Skal vera eit kick off for dette i Knarvik 28. september, der ein også kan delta digitalt.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 064/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

004/21: Høyring om ny kirkelig organisering - Müller-Nilssen-utvalets utgreiing

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Avtalar møte med kyrkjeverje Leif Arne Økland, og tar eit ekstra formannskap før den 15. oktober, evt. på Teams, for å vedta uttalen. Ordførar og møtesekretær set opp første møte for gruppa.

Felles framlegg foreslått av:

Avtalar møte med kyrkjeverje Leif Arne Økland, og tar eit ekstra formannskap før den 15. oktober, evt. på Teams, for å vedta uttalen. Ordførar og møtesekretær set opp første møte for gruppa.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at det vart sett ned ei gruppe som ser på ein uttale til høyringa, evt. kan ein ta eit ekstra formannskap for å gje svar innan fristen.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) ba om alle partia vart representerte i gruppa, Hardy Pedersen (Ap) sa seg samd med det.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein bør ha dialog med kyrkjeverje Leif Arne Økland om kva dette bety for kyrkja.

Det var semje om denne samansettinga av gruppa: Hege Ramsland (H), Hardy Pedersen (Ap), Anne Dahle Austrheim (KrF), Reidar Øksnes (Sp, og Renee Semmingsen (Bygdelista).

Handsaming i kommunestyret:

Avtalar møte med kyrkjeverje Leif Arne Økland, og tar eit ekstra formannskap før den 15. oktober, evt. på Teams, for å vedta uttalen. Ordførar og møtesekretær set opp første møte for gruppa.

KS - 004/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Avtalar møte med kyrkjeverje Leif Arne Økland, og tar eit ekstra formannskap før den 15. oktober, evt. på Teams, for å vedta uttalen. Ordførar og møtesekretær set opp første møte for gruppa.

067/21: Avtale om plassering av buss-skur ved snuplass for buss på Njøten

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren rår til at politikarane avgjer denne saka og har difor ikkje framlegg til vedtak i denne saka. Grunngevinga for dette er gjeve i saksutgreiinga.

Minibuss/drosje skal kjøra heilt inn til post/busskur og henta elevane der.
Kommunen skal ha vintervedlikehald på dette stykket med privat veg.
Det må føreligga godkjenning frå grunneigarane for vegen.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) hadde framlegg til vedtak: foreslått av: Per Lerøy

Minibuss/drosje skal kjøra heilt inn til post/busskur og henta elevane der.
Kommunen skal ha vintervedlikehald på dette stykket med privat veg.
Det må føreligga godkjenning frå grunneigarane for vegen.

Einingsleiar plan, Asbjørn Toft, orienterte om saka. Toft sa at det kan skapa presedens om ein brukar

midlar på å leiga plass til eit buss-skur. Kan i staden bruka eit anna eksisterande skur.

Ordførar Per Lerøy (Ap), sa at det er ei OK løysing å bruka dette skuret, men at ein då må kjøra 100 meter på privat veg. Kommunen må ta på seg å brøyta 100 meter på privat veg. Drosje har sagt at det er OK å bruka denne vegen, kan også brukast av minibuss for skuleskyss.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det ser ut som ei OK løysing, men må vera sikker på at grunneigarane av vegen er nøgde. Må ta ein dialog med dei på dette.

Reidar Ulvøy (AP) sa seg samd med denne løysinga, men kan gjerne tilby at skuret kan utvidast om det er naudsynt, i samarbeid med Austrheim vidaregåande.

Ordførar Per Lerøy (Ap), hadde framlegg til vedtak:
Minibuss/drosje skal kjøra heilt inn til post/busskur og henta elevane der.
Kommunen skal ha vintervedlikehald på dette stykket med privat veg.
Det må føreligga godkjenning frå grunneigarane for vegen.

Handsaming i kommunestyret:
Sams for ordførar Lerøy sitt framlegg.

KS - 067/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Minibuss/drosje skal kjøra heilt inn til post/busskur og henta elevane der.
Kommunen skal ha vintervedlikehald på dette stykket med privat veg.
Det må føreligga godkjenning frå grunneigarane for vegen.

068/21: Sal av Arbeidssenteret

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner sal av gnr. 142 bnr.75. Ein føresetnad er at eigdommen ikkje vert overteken av nye eigarar før ein har nye lokalar for Arbeidssenteret på plass.

Utsetter denne saka og tar den opp i samband med sak om framtida for Austrheim næringssselskap, og korleis ein vil bruka det selskapet.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Utsettingsframlegg foreslått av:

Utsetter denne saka og tar den opp i samband med sak om framtida for Austrheim næringssselskap, og korleis ein vil bruka det selskapet.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, og sat at det ligg i budsjettet at ein skal selja ein del bygg i 2021, for å sikra finansiering av andre investeringar. Ikkje aktuelt å selja før arbeidssenteret er på plass i alternative lokale.

Ordførar Per Lerøy Ap) sa at ein har sett på Fonnes senter og fått tilbod om å leiga deler av Fonnes Senter som arbeidssenter. Brukarane får lett tilgang ved vegen, busstopp like ved og universell

tilkomst. Ligg an til offentleg anbudsrunde no på kven som har areal å tilby til eit nytt arbeidssenter. To grunneigarar ved Fønnes Senter er aktuelle, kan også vera andre som er aktuelle. Brukarane er med og påverkar korleis spesifikasjonane skal lagast. Alle vil stå fritt til å tilby areal til eit slik arbeidssenter, men det må ligga lett tilgjengeleg frå veg og med buss.

Lerøy sa vidare at kommunen ikkje bør sitja på meir bygningsmasse enn kva ein klarer å handtera. Sett på om det kan opprettast burettslag eller likande for ungdommar eller nyetablerte.

Kommunedirektøren bør selja arbeidssenteret til nokon som set i gang eit ungdomsbustadprosjekt i dette området, og gå i gang med eit tilsvarande som Sætremarka men for unge i staden for eldre. Ber om at før ein går på direkte sal lagar kommunedirektøren ei sak om å leggja dette ut for ein annan type sal enn på den opne marknaden.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes sa at ein må selja før ein kan starta med ROP-bustader (Rus og psykiatri) og digitalisering av Nordliheimen er også avhengig av at ein sel og får inn midlar.

Per Lerøy (Ap) spurte om sal av eigedommar på Kaland, økonomisjef Odd Harald Dommersnes sa at ein slit med å få selt denne. Lerøy spurte om ein kan jobba meir med sal av næringsseigedom ved Mongstadkrysset.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han synest det er feil rekkjefølgje å selja før ein har orden på tilbodet til den gruppa som er brukarar av arbeidssenteret. Vil ta noko tid med anbod og ombygging før ein er på plass på Fønnes. Usikker på om det rett måte å seia dette på at ein må selja for å komma i gang, bør heller gjera som ordførar seier og selja næringsareal, enn å ta det som er dagleg arbeidsplass for denne gruppa.

På strategikonferansen snakka ein om å få eldre til å bu heime lengre, her er det nære Nordliheimen, legekantoret, Mastrevik Torg med meir. Bør styra kva kommunen sel dette til. Tilby det på ein annan måte, til noko som er samfunnsnyttig for oss.

Inger-Lise Brekke (H) sa at etter hennar syn tek ein her denne gruppa på alvor. Er ikkje usikkert no som det er fleire som er aktuelle for tilbydarar. Ei løysing på Fønnes kan brukast også ungdommar, og med nærleik til nye eldrebustader på Kaland kan dei bruka dette som kafé.

Per Lerøy (Ap) sa at det er tomter i området som er aktuelle for eldrebustader, i regi av både saniteten og privat utbyggar, samt kommunen har på gang areal på Kaland. Men ungdommar manglar butilbod, det er ei klar melding frå ungdomsrådet om at det bør komma bustader for ungdommar som vil flytta heim igjen.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein er kommen så langt på året at kommunen anten måp setta prosjekt på vent eller seia at me må skaffa pengar. Men kva er summen, og kor langt kjem me med digitalisering og anna med denne summen. Følgjer godt ordførar sitt poeng, ungdomsbustader har me diskutert mykje. Dagens brukarar av arbeidssenteret må verta ivaretekne på ein god måte. Leige av lokale til nytt arbeidssenter må komma opp som ei eiga sak. Ønskjer seg at taksten kjem inn, før ein vedtek sal av arbeidssenteret.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) spurte om kommunen kunne tilbydd Austrheim næringssselskap å kjøpa denne eigedommen til takst.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes sa at det kjem ei sak til neste kommunestyret om at Austrheim Næringssselskap kjøper ein del eigedommar som kommunedirektøren ønskjer å selja.

Per Lerøy (Ap) sa at han synest den ideen er god, men då må kommunestyret som generalforsamling i næringssselskapet gje styret beskjed om å kjøpa dette og bruka som ungdomsbustader, som dei kan selja igjen seinare, som andelsleilegheiter. Dette bør ein ta opp i saka om korleis næringssselskapet skal brukast vidare. Kan vera bustader om dei skal leiga ut via kommunen. Kunne me brukt næringssselskapet til å bygga ungdomsbustader og ta inn selja andelar og leigeinntekter.

Dommersnes sa at det er eidegdomsselskap andre stader som er brukte nettopp til å utvikla bustader til grupper som treng det.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støttar ideen frå Espelid (Bygdelista), då kan ein styra meir kor hastig ein er med dette, får tid til å få på plass brukbart arbeidssenter til dei som skal bruka det.

Ordførar Lerøy (Ap) kom med framlegg til vedtak: Utsetter denne saka og tar den opp i samband med sak om framtida for Austrheim næringssselskap, og korleis ein vil bruka det selskapet.

Reidar Øksnes(Sp) spurte om korleis ei utsetting vil påverka dei prosjekta ein heldt på med?

Ordførar Lerøy (Ap) sa at prosjekta ikkje har komme så langt at det skal midlar ut neste månad. Har dessutan to bustader til som ein ønskjer å seila for i alt 3,1 til 3,2 millionar kroner.

Inger-Lise Brekke (H) sa at ein ikkje må venta for lenge til å selja slik at en ikkje får realisert det ein heldt på med.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug åtvare mot å trekka tilbake alle sala, for desse er naudsynte for å komma i gang med prosjekta. Må ta nokre val om å selja for å komma i gang med investeringar. Utan å selja kjem ein ikkje i gang med dei investeringar som er sette opp.

Ordførar Lerøy (Ap) svara at det er semje om å selja arbeidssenteret, men kven skal det seljast til? Sel ein til næringssselskapet så har ein til dels styring med tomte og kva som kjem på tomte seinare. Før saka kjem tilbake så må ein sjå kva ein vil med Næringssselskapet i framtida, bustader inkludert ungdommar, kanskje byta namn frå næringssselskap til bolig- og tomteselskap. Ulike moglegheiter, kommunestyret bestemmer.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han støttar utsetting, ber om at gruppeleiarforum vert brukt til å ta eventuelle avklaringar undervegs. Støtte frå ordførar til dette.

Handsaming i kommunestyret
Sams for utsettingsframlegg.

KS - 068/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Utsetter denne saka og tar den opp i samband med sak om framtida for Austrheim næringssselskap, og korleis ein vil bruka det selskapet.

069/21: Rapport 2. tertial 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.
2. Kommunestyret omdisponerer ubunde fondsmidlar som var avsett til retaksering av verk og bruk, til å nyttast til skogrydding.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Reidar Øksnes (Sp) sa om skogrydding at det ikkje er kommunen si oppgåve til å rydda der andre er grunneigarar, men ser at det ein har kom i gang med gode planar for beitebruksplan så ga det gode resultat. Landbruket kan bidra på ein positiv måte, kan få rydda meir areal på den måten, ved å vera litt kreative.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ikkje almisser til grunneigarar eller dei som driv gard, her er det på eigedom kommunen eig, rundt den gamle barnehagen og vasstårnet på Årås. Trur ikkje det går 308.000 kroner, men det vil gå ein del 1000 kroner til dette. Dette er mellom områda som administrasjonen har teke opp for å sikra Åråsfeltet mot skogbrann. Må gjerne bruka det attståande til å støtta andre grunneigarar som vil rydda skog og bruka meir til beiteland. Bakkøy var godt døme på kor ope det vart etter støtte til gjerde og rydding. Om det er att av dei 308.000 etter arbeidet så er det OK å støtta slikt arbeid.

Aslak Bakke (H) sa at kommunen bør gå framfor som eit godt døme her. Bør gjerne støtta til gjerde og anna for å få rydda meir areal.

Per Lerøy (A) sa at ein startar med rydding på eigen grunn, om det står noko att så bør kommunedirektøren komma tilbake med framlegg på korleis midlane skal brukast.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

KS - 069/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.
2. Kommunestyret omdisponerer ubunde fondsmidlar som var avsett til retaksering av verk og bruk, til å nyttast til skogrydding.

070/21: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Austrheim kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med Aurland kommune.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han la til grunn at ei utviding kan gje reduserte kostnader for IKT.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

KS - 070/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

1. Austrheim kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert

- utvida med Aurland kommune.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

071/21: Framtida til kyrkjelydshuset

Kommunedirektøren sitt framlegg:

- Austrheim kommunestyret opprettheld vedtak om sal av kyrkjelydshuset. Soknet vert gjeve tilbod om kontorhald og sambruk på kommunehuset.
- Det vert inngått ny avtale om evt. tenesteyting. Dersom tenesteyting erstattar oppgåver som vert gjeven gjennom tilskot, skal dette synleggjerast.
- Ved årleg budsjetthandsaming skal tilskot og andre ytingar koma tydeleg fram.

Saka vert utsett. Administrasjonen må ta kontakt med grendene som soknar til Kyrkjelydshuset, Austrheim Skule, for å tilby og sjekke ut interessa for å bruka dette som felles grendahus.

- Saka om sal av kyrkjelydshuset vert utsett til soknerådet har teke stilling til kontortilbodet dei får i kommunehuset.
- Det vert inngått ny avtale om evt. tenesteyting. Dersom tenesteyting erstattar oppgåver som vert gjeven gjennom tilskot, skal dette synleggjerast.
- Ved årleg budsjetthandsaming skal tilskot og andre ytingar koma tydeleg fram.

Administrasjonen må ta kontakt med grendene som soknar til Kyrkjelydshuset, Austrheim Skule, for å tilby og sjekke ut interessa for å bruka dette som felles grendahus.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Utsetjingsframlegg foreslått av: Reidar Øksnes

Saka vert utsett. Administrasjonen må ta kontakt med grendene som soknar til Kyrkjelydshuset, Austrheim Skule, for å tilby og sjekke ut interessa for å bruka dette som felles grendahus.

Utsetjing av deler av vedtaket foreslått av: Per Lerøy

- Saka om sal av kyrkjelydshuset vert utsett til soknerådet har teke stilling til kontortilbodet dei får i kommunehuset.
- Det vert inngått ny avtale om evt. tenesteyting. Dersom tenesteyting erstattar oppgåver som vert gjeven gjennom tilskot, skal dette synleggjerast.

- Ved årleg budsjetthandsaming skal tilskot og andre ytingar koma tydeleg fram.

Tillegg foreslått av: Reidar Øksnes

Administrasjonen må ta kontakt med grendene som soknar til Kyrkjelydshuset, Austrheim Skule, for å tilby og sjekke ut interessa for å bruka dette som felles grendahus.

Om ugildskap sa ordførar Per Lerøy (Ap) om Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim, at som leiar og nestleiar i soknerådet har dei så stor interesse i denne saka at dei bør vurderast som ugilde. Dei resterande 15 representantar var samde om at Anne Dahle Austrheim og Helge Dyrkolbotn var ugilde (desse to røysta ikkje over dette).

Dei som er innkalla som vara for Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim tok plass i møtet, dette var Stein Kåre Løvslett og Inger Anne Austrheim.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka. Kommunen kan dekkja tilbodet om å stilla kontor ved å flytta kyrkja inn på kommunehuset. Formannskapet har teke ut fysioterapeut frå skissene for endringar av kommunehuset, desse skal til lokale på Mastrevik Torg, ser no at ein skal klara ombygging av kommunehuset også utan å flytta biblioteket. Om ein skal la soknet leiga bygget der dei er i dag, på ein tiårsavtale, så må ein sjå nøyare på dette. Bør sjå på heilskapen for avtalen med kyrkja for å utnytta det best mogleg. Om kommunestyret vil ha kyrkjelydshuset så skal ein gjera det, men rår ikkje til dette.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte om en har bygningar å tilby dei tilboda som brukar kyrkjelydshuset har i dag. Fjellhaug svara at dette kan løysast andre stader, som på skular og barnehagar og seniorsenteret.

Reidar Øksnes (Sp) sa at om ein samanliknar med Øksnes, har Drøvel gjort om bedehuset til grendahus som er ei stor rikdom for bygda. Bør utsetta denne saka for å ta runde til bygdene for å sjå om dei rundt kunne vore interessert noko liknande for kyrkjelydshuset. Er det mogleg at bygget kan vera både for kyrkja og ein lokalitet for bygdefolket? Øksnes hadde sitt utsetjingsframlegg.

Om dette sa ordførar Per Lerøy (Ap) at soknerådet hadde ein runde i vår bygdene rundt utan å komma fram til noko.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunen som eigar av bygget bør ta denne runden til bygdene.

Det var pause i møtet for gruppemøte

Per Lerøy (Ap) sa at Ap og Høgre vil at ein skal ta fatt i punkt 2 og 3 i kommunedirektøren sitt framlegg. Vil utsetta saka i punkt 1 men ha med seg dei to andre punkta. Soknet bør få sjå alternativa i kommunehuset før dei skal flytta. Viste også til orienteringssak 004/21 om ny kyrkjeleg organisering der ein del skal ligga under prostiet og ikkje i kyrkja. Vert Austrheim sokn ein del av Nordhordland kyrkjelege fellestråd? Høgre og Ap meiner at den organiseringa ein har i dag er ein godt tente med, ikkje begeistra for utkastet i 004/21, og vil setta ned utval for å svara på denne høyringa. Heng saman desse sakene. Om me i framtida skal ha kyrkjeleg fellestråd som vert styrt frå Knarvik, er det ikkje sikkert at behovet vert det same som no. Vil utsetja punkt ein i denne saka, til det føreligg ei skildring av korleis dette løysast og kva soknet sagt om det, og til det kjem ei endeleg skildring frå statleg hald om korleis kyrkja skal organiserast.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, sa at slike skisser kan vera klare til neste kommunestyremøte.

Stein Kåre Løvslett (KrF) viste til at kommunedirektøren ba om eit endringsframlegg, endringa må vera at punkt 1 er at ein kjem tilbake til når løysinga for kontor når dette er lagt fram for soknet, og soknerådet har fått sjansen til å ta stilling til dette.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han heldt oppe sitt framlegg, og sa han trur folkemøte i samband med strategi kan vera eit godt høve til å flagga dette for bygdene som krinsar til kyrkjelydshuset.

Inger-Anne Austrheim og Stein Kåre Løvslett gjekk frå etter denne saka, og Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim gjekk tilbake i møtet (alle KrF).

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over utsetjingsframlegget frå Reidar Øksnes (Sp). Det fall mot Bygdelista, KrF og Sp.

Per Lerøy ba om punktvis avrøysting over punkta i hans framlegg til vedtak.

Kulepunkt 1: Sams

Kulepunkt 2: Vedteke mot ei røyst, Gro Kaland, Sp.

Kulepunkt 3: Sams

Reidar Øksnes ba om at siste part av hans framlegg vart vedteke som eit kulepunkt 4 i vedtaket.

Ordførar Per Lerøy sa at det var OK å gjera det slik, og kommunestyret var sams om at dette kjem inn som kulepunkt nummer 4 i vedtaket.

KS - 071/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

- Saka om sal av kyrkjelydshuset vert utsett til soknerådet har teke stilling til kontortilbodet dei får i kommunehuset.
- Det vert inngått ny avtale om evt. tenesteyting. Dersom tenesteyting erstattar oppgåver som vert gjeven gjennom tilskot, skal dette synleggjerast.
- Ved årleg budsjetthandsaming skal tilskot og andre ytingar koma tydeleg fram.
- Administrasjonen må ta kontakt med grendene som soknar til Kyrkjelydshuset, Austrheim Skule, for å tilby og sjekke ut interessa for å bruka dette som felles grendahus.

072/21: Ny utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Valnemnda kjem med framlegg til ny representant i kommunestyremøtet 23/9.

Oskar Nordgard er ny representant/utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Nytt medlem i BOF foreslått av: Aslak André Bakke

Oskar Nordgard er ny representant/utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd.

Nestleiar i valnemnda, Aslak André Bakke (H), la fram framlegg på Oskar Nordgard som ny representant/utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for at Oskar Nordgard er ny representant/utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd.

KS - 072/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Oskar Nordgard er ny representant/utsending til årsmøtet i Bergen og Omland friluftsråd.

073/21: Ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Valnemnda kjem med framlegg til ny representant i kommunestyremøtet 23/9.

Aslak André Bakke (H) er ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Nytt medlem foreslått av: Aslak André Bakke

Aslak André Bakke (H) er ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR.

Nestleiar i valnemnda, Aslak André Bakke (H), la fram framlegg på Aslak André Bakke som ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for at Aslak André Bakke er ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR.

KS - 073/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Aslak André Bakke (H) er ny tredje varamedlem til representantskapet i NGIR.

074/21: Oppdatert finansreglement

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Austrheim kommune sitt kommunestyre vedtek det oppdaterte finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Bjarne Ve Sæbø orienterte om saka.

- Startlån frå Husbanken skal haldast utanom det som heiter netto renteberande gjeld.

- Aukar den moglege delen på enkeltlån til ein tredel av samla portefølje, mot 25 prosent som det har vore før.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektørens framlegg til vedtak.

KS - 074/21 - 23.09.2021 - Vedtak:

Austrheim kommune sitt kommunestyre vedtek det oppdaterte finans- og gjeldsforvaltningsreglementet.

005/21: Spørsmål frå Jan Erik Espelid, Bygdelista i Austrheim

Kommunedirektøren sitt framlegg:

23.09.2021 KOMMUNESTYRET

Jan Erik Espelid (Bygdelista) la fram spørsmålet sitt om innføring av utvalsmodellen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han meiner det tidlegare er bestemt, og bestilt av tidlegare rådmann, at dette skal utgreiast. Ordføraren ba om at dette vert henta fram att og utgreidd.

Bygdelista i Austrheim

Førespurnad til ordføraren om innføring av utvalsmodellen

Nytt organisasjonskart for Austrheim kommune syner ei organisering med tre etatssjefar; kommunalsjef for oppvekst og kultur, kommunalsjef for helse og omsorg og kommunalsjef for forvaltning og service.

I den samanhengen etterlyser Bygdelista i Austrheim framdrift i arbeidet med politisk utvalsmodell organisert under dei tre etatssjefane; utval for oppvekst og kultur, utval for helse og omsorg og utval for næring og miljø tilsvarande modellen som Austrheim kommune har hatt tidlegare.

Innføring av politisk utvalsmodell er programfesta av Høgre, Sp og Bygdelista. KrF seier dei vil vurdera det. Modellen vil føra til breiare deltaking i det politiske arbeidet og sannsynlegvis større engasjement. Fleire politikarar vil få eigarskap til sakene. Modellen vil styrkja faglegheita, og han vil avlasta formannskapet. Det er også sannsynleg at modellen vil auka rekrutteringa til politikken.

Jan Erik Espelid
Bygdelista i Austrheim

KS - 005/21 - 23.09.2021 - Vedtak:



Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	21/1212

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
079/21.1	Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset
079/21.2	Ny veileder om kommunelovens internkontrollbestemmelsar
079/21.3	Uttale om BKK frå Vestland fylkesting, 30. september 2021
079/21.4	Årsmelding - barnehage og skuleåret 2020-2021 frå mobbeombodet i Vestland
079/21.5	Info til valnemnda i Vestlandsrevisjon IKS - førebuing av framlegg til møte i representantskapet desember 2021
079/21.6	Innkalling - representantskapsmøte i NGIR - 25.10.2021

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Statens vegvesen

firmapost@vegvesen.no

Referanse 20/16800

Knarvik, 14. oktober 2021

Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset

Regionrådet Nordhordland viser til skriv frå Statens vegvesen datert 01.09.21 «*Kommunedelplan med konsekvensutredning, Arna og Åsane, E16/E39 Arna – Vågsbotn - Klauvaneset. Arealplan-ID 61200000. Varsel om høring og offentlig ettersyn*».

Regionrådet støttar tilråd parsell, alternativ N1, med lang tunnel mellom Vågsbotn og Klauvaneset, og kryssprinsipp A i Vågsbotn slik det kjem fram i framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset. Regionrådet støttar også at trafikkgulerande tiltak med skilt og oppmerking berre skal kunne etablerast etter vedtak frå Statens vegvesen etter Veglova.


Regionrådet er særst opptatt av at det no vert sikra optimal framdrift på parsellen Vågsbotn – Klauvaneset slik at det kan bli oppstart av prosjektet i fyrste periode av NTP. Dette er eit prosjekt som Regionrådet i årevis har jobba for – og venta på. Vegen har svært stor ÅDT på ein to-felts trafikkfarleg veg med særst mange av- og påkøyringar.

Regionrådet ber derfor om at evt. konfliktområde på parsellen Vågsbotn - Arna ikkje forseinkar oppstart på parsellen Vågsbotn – Klauvaneset, og at Bergen kommune si handsaming av kommunedelplanen tar omsyn til dette. I neste omgang ber Regionrådet om at reguleringsprosessen vert gjennomført som to adskilte reguleringsplanar.

Regionrådet vil vidare be om at Bergen kommune set ned eit eige utval med fokus på framdrift av parsell Vågsbotn - Klauvaneset bestående av representantar for Statens vegvesen, Bergen kommune og Regionrådet Nordhordland, og at dette utvalet har jamlege møter framover.

Regionrådet har tett samarbeid med Nordhordland Næringslag i arbeidet med å få på plass ny veg mellom Vågsbotn og Klauvaneset, og næringslaget sluttar seg til høyringsuttalen.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Region Nordhordland IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Byrådsleiar Roger Valhammer, Bergen kommune
Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune

Fra: Rune Heradstveit
Sendt: fredag 15. oktober 2021 10.07
Til: firmapost@vegvesen.no
Kopi: 'byradsleder@bergen.kommune.no'; Jon Askeland; Baste Tveito; Post Austrheim; Post Masfjorden kommune; Post Osterøy; Postmottak Alver; Postmottak Fedje; Postmottak Gulen kommune; Postmottak Modalen; Postmottak Vaksdal; Hallvard Hallstein Oppedal; Hege Eide Vik; Karstein Totland; Kjetil Eikefet; Lars Fjeldstad; Per Lerøy; Sara Sekkingstad; Stian Herøy
Emne: Referanse 20/16800 - Høyringsuttale - framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset
Vedlegg: Høyringsuttale til Kommunedelplan E16-E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset.pdf

Viser til framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset.

4.5 Involvering og medverknad – mobilisering av ressursar	4
5.0 Handlingsplanar	5
6.0 Forankring i kommunane	5
7.0 Samarbeidsstrukturar/-avtalar	5
8.0 Revisjon	5

Versjonskontroll

Utkast 1.0	Kommunalsjefgruppa	22.01.2021
Versjon 1.1	Rådmannsutvalet	07.05.2021
Versjon 1.2	Regionrådet	14.06.2021

Innleiing

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014 - 2017 vart vedteken revidert i rådmannsutvalet 11.05.20. Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland fekk i oppgåve å gjennomføre arbeidet.

Gjeldande plan vart vedteken tilbake i 2014 i alle deltakarkommunane. Kommunalsjefgruppa peika på at det var eit behov for å løfte planen opp på eit meir strategisk nivå. Slik vil retning for det kommande 10-året verte satt, medan handlingsplanane som spring ut ifrå strategien vert rullert og revidert fortløpande.

I revisjonsarbeidet vart det gjort ein gjennomgang av aktuelle nasjonale styringsdokument for sektoren (krav/behov ovanifrå). I tillegg vart det gjennomført drøftingar av utviklingstrekk og utfordringar i regionen (krav/behov nedanifrå).


Mykje har endra seg sidan 2014. M.a. har det gått føre seg kommunesamanslåing, nytt helsehus i Knarvik, samhandlingsreforma har byrja å gå seg til og den demografiske utviklinga og framskrivinga har tydeleggjort regionale utfordringar. Dette har bidratt til at også prinsippa (grunnsetningane) i det felles arbeidet kommunane skal i gang med også vart drøfta.

Det var spesielt viktig i arbeidsprosessen at råd og nettverk innanfor sektoren kunne komme med innspel til planen. Slik aktiverer me og bind tettare saman alle dei ressursar som utgjer helse- og omsorgsstrukturen i Nordhordland, og me styrkjer føresetnadane for at alle involverte arbeider tett saman med felles fokus i fortsetjinga.

Planen skal bidra til at sektoren vert utvikla på berekraftig vis. Dette tyder at me har eit økonomisk, økologisk og sosialt perspektiv.

1.0 Føremål og planstruktur

Planen har som føremål å styrkja det kommunale helse- og omsorgsarbeidet gjennom interkommunalt samarbeid innanfor prioriterte område. Slik kan kommunane i fellesskap oppnå meir saman enn kvar for seg. Dette inneber å sikra framtidsetta helse- og omsorgstenester kor utvikling og berekraft skal vere sentrale drivarar. Planen skal bidra til å sikre kapasitet og kompetanse til å handtere og iverksette framtidige nasjonale løysingar og initiativ for kommunane.



Figur 1 Planstruktur

2.0 Prinsipp

Prinsipp omhandlar grunnforståinga me byggjer føremål, hovudmål, innsatsområde og handlingsplanar på.

Planen skal bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og leggje til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg. Gjennom planen vil me styrkje det gode fundamentet kommunane i Region Nordhordland har etablert over tid når det gjeld samarbeid på tvers av kommunegrenser.

- Kommunale tenester skal i hovudsak gjevast i den enkelte kommune.
- Interkommunalt samarbeid skal støtta opp under tenestene i den enkelte kommune.
- Iverksetjing av tiltak skal forankrast i den enkelte kommune og regularast gjennom samarbeidsavtalar. Brukarmedverknad skal sikrast.

3.0 Hovudmål

Hovudmål vert ei første konkretisering av føremålet.

1. Betra helse og tryggleik for innbyggjarane.
2. Auka meistringsevne og livskvalitet hjå innbyggjarane.
3. Sikre medverknad frå brukarar og øvrige delar av det sivile samfunnet.
4. Styrkje Region Nordhordland som ein fag- og kompetanseregion.
5. Styrkje den digitale satsinga i helse- og omsorgssektoren.

4.0 Prioriterte område

Prioriterte område skal avgrense og tydeleggjere kva samarbeidet skal rette ressursane inn mot for å nå hovudmåla.

4.1 Teknologi og innovasjon

Området understøtter regionen si satsing på samarbeid om digitalisering og innovasjon. I tillegg er det eit stadig behov for å sikre øvrig teknologiutvikling. Området peikar på at innovasjon også finn stad utan at det treng omhandle teknologi eller digitalisering.

Utvikling av nye tenester bør gjennomførast i felles prosjekt slik at kostnader vert redusert, samstundes som det aukar kvalitet og kompetanse. Felles prosjekt skal sikre innføring og kompetansebygging i kvar einskild kommune.

4.2 Livsmeistring

Området peiker på ei nasjonal satsing over tid, samt eit regionalt utviklings- og utfordringsbiletet. Ein er særleg merksam på førebyggjande perspektiv, tidleg innsats og felles regionalt fokus knytt til generelle ressursutfordringar dei kommande tiåra innanfor helse- og omsorgssektoren.

4.3 Kompetanseutvikling

Høg og rett kompetanse både innanfor drift og utvikling i regionen er gode faktorar for å lukkast. På fleire område vil det kunne vere aktuelt å sjå kompetanseutfordringar som regionale utfordringar – og moglegheiter. Ein attraktiv region er positivt for alle kommunane. Innsatsområdet tek opp i seg satsingar som t.d. prosjekt fag- og tenesteutvikling knytt opp mot Region Nordhordland Helsehus.

4.4 Samarbeid og prioritering

Framtidsbiletet peikar i retning av at det ikkje er tilstrekkeleg med ressursar til å løyse alle ynskjer og behov innanfor sektoren. Strategiplanen legg opp til å møte dette gjennom samarbeid, samhandling og samordning. Dette vil gjelde innanfor utvalde område kommunane imellom, og mellom regionen og helseføretaka.

Strategiplanen vidarefører merksemda mot samarbeid om ressurs- og kompetansekreivjande oppgåver.

4.5 Involvering og medverknad – mobilisering av ressursar

Området peiker mot utvikling, samarbeid og mobilisering av ulike ressursar i samfunnet. Dette kan gjelde både den organiserte frivilligheita, men og dei ressursar som i dag ikkje er tatt i bruk.

5.0 Handlingsplanar

Strategiplanen med prioriterte område har eit 10-års perspektiv. Underliggande handlingsplanar vil bli utarbeida og revidert kvart andre år.

6.0 Forankring i kommunane

Gjennom kommunestyret si tilslutning til planen forpliktar den enkelte kommune seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei prioriteringar som planen omhandlar. Når det kjem til konkrete tiltak må likevel desse forankrast i den enkelte kommune. Dette inneber at kvar kommune kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid på eit seinare tidspunkt sjølv om ein har slutta seg til planen.

Det er ein føresetnad at mål og tiltak er forankra fagleg, administrativt og politisk i alle kommunar.

7.0 Samarbeidsstrukturar/-avtalar

Samarbeidet mellom kommunar og sjukehus har dei siste åra utvikla seg og blitt meir formalisert enn tidlegare. Det er etablert eit strukturert samarbeid som er forankra gjennom samarbeidsavtalar ¹mellom Helse Bergen, Haraldsplass Diakonale Sykehus og dei 18 kommunane i lokalsjukehusområdet.

Målsettinga med samarbeidet er mellom anna å ivareta og vidareutvikla eit godt fagleg og organisatorisk samarbeid mellom spesialist- og primærhelsetenesta. Det er eit mål at det interkommunale samarbeidet skal støtte opp under oppfølging av samarbeidsavtalane og vera eit supplement til denne strukturen.

8.0 Revisjon

Strategiplanen skal reviderast i 2031, eller før dersom ein eller fleire av kommunane ber om det.

¹ Samarbeidsavtalar - <https://saman.no/samarbeidsavtalar>

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Plannavn-Klima- og energiplan, Komnr-4632, FE-144	21/240

Klimamål for Austrheim kommune i arbeidet med Kommunedelplan for klima og energi i Austrheim kommune

Vedlegg

Austrheim_Presentasjon 21.10

Møtereftrat 23.09.21

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5- graderskommune. Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Det gjeld og satsing på gang- og sykkelveggar og tiltak innafør friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen.

Saksopplysninger:

I arbeidet med å få på plass ein framtidsretta **Kommunedelplan for klima og energi i Austrheim kommune** må kommunestyret vedta eit klimamål. Formannskapet vedtok den 18.03.2021 oppstart av dette planarbeidet. Ein plan for klima og energi er med i Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024. Gjeldane Klima- og energiplan vart godkjent i 2011.

Austrheim kommune har fått tilskot av Vestland fylkeskommune til dette planarbeidet. Firmaet Sweco AS fekk tildelt på vanleg måte arbeidet med å få gjennomført dette planarbeidet. Sweco AS presenterte for formannskapet i møte den 21.10.2021 korleis dei ville arbeide med planen. Der kome det og klart fram at dei ynskte at kommunestyret i Austrheim kom med eit klart klimamål for dette arbeidet. Dette for at dei kunne laga ein realistisk framlegg til kommunedelplan med ein god handlingsplan.

Norge har vedteke at me i år 2030 skal ha ein 50-55% reduksjon av klimagassar, i år 2050 eit lågutsleppssamfunn.

Vestland fylkeskommune har vedteke at dei i år 2030 skal vera utsleppsfri (nulluslepp), i år 2050 eit lågutsleppssamfunn.

Bergen kommune har vedteke at dei i år 2030 skal vera utsleppsfri, i år 2050 ein 1,5- gradersby.

Kva mål skal Austrheim kommune ha? Dette målet må me ha med Kommunedelplan for klima og energi i Austrheim kommune for å ha noko å styra etter.

Kommunedelplanen skal vera eit verkty for at Austrheim kommune skal nå internasjonale, nasjonale, regionale og lokale klimamål. Planen omfattar både direkte og indirekte klimagassutslepp (forbruk), og set mål for kommunen som organisasjon og samfunn, den skal vise retningen for klimaarbeidet vårt. Det vert og lettare å få tilgong til offentlege tilskot til klima- og energiomlegging om kommunen vår har ein oppdatert plan. Til dømes kan ein då truleg få økonomisk bistand til å få på plass ein miljøvenleg oppvarming av kommunehuset og andre bygg som kommune eig og driftar. Fasa ut alle fossile køyretøy innan 2030 vert ein del av kommunane sine tiltak for å nå klimamåla.

Parisavtalen vart vedtatt 12. desember 2015, det er den første rettsleg bindande klimaavtalen med reell global deltaking. Norge skal mellom anna vera karbonnøytralt i 2050. I 2017 vart lova om klimamål (klimalova) vedtatt på Stortinget, den tredje i kraft den 1. januar 2018. Den 08.01.2021 la Regjeringa fram Meld. St. 13 (2020–2021) om Klimaplan for 2021-2030. Den oppdaterer Norges mål om utsleppsreduksjon. Regjeringens sine ambisjonar om til dømes utsleppsfrie lette kjøretøy kjem klårt fram her. FN sine 17 berekraftmål, som Norge har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsåret for å ta tak i vår tid sine største utfordringar.

Det å få redusert Austrheim kommune sine indirekte og direkte utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og få til miljøvennleg energiomlegging vert såleis sentralt i planarbeidet. Planen skal visa kva mål og ambisjonar kommunen har for temaet, kva tiltak som skal gjennomførast, fristar og kven som har ansvaret for oppfølging av desse tiltaka. Til dømes kan me utgreiia om det er fornuftig økonomisk og berekraftig å innstalera solceller på kommunale bygg.

Klimaendringar og tap av biologisk mangfold er definert som dei største globale miljøproblema. Mange arter vil dø ut som følgje av klimaendringene. Det å avgrensa klimaendringene gjennom utsleppsreduksjon av klimagassar er såleis eit viktig tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Kommunedelplanen skal visa status for klimagassutslepp i kommunen og den skal setja delmål for klima, både for direkte utslepp (innanfor kommunen si geografiske grenser) og for indirekte utslepp. Planen skal visa kva rolle og verkemidlar kommunen har i klimaarbeidet.

Kommunedelplanen vil leggja grunnlaget for målretta gjennomføring og val av tiltak, investeringar og prosjekt i kommunen. Gjennom planen vert det lagt føringar for ynskt utvikling innan innkjøp,

bygging og drift av kommunale bygg og anlegg, og for kva tiltak som kan og bør gjennomførast.

Klimatilpassing vert og eit tema i dette planarbeidet. Varsla klimaendringar skjerpar krava til fornuftig arealbruk og langsiktig planlegging. Høgare temperatur og ikkje minst hyppigare tilfelle av kraftig nedbør og meir vind vil gje auka førekomst av flaum, vindskadar og erosjon. Klimaframskrivingar vert sentralt i planarbeidet, det gjeld både havnivåstigning og fare for stormflo. Tørkeperiodar kan og gje meir fare for storbrannar og dårlegare vilkår for landbruket, men lengre vekstsesong og varmare klima kan og gi fordelar. Det er og viktig å ivareta ein god beredskap. Pandemiar kan og auka med klimaendringar. Det biologiske mangfaldet i verda vert ramma hardt.

Vurdering:

Kommunedirektøren synes det er viktig at Austrheim kommune skal ha klima- og miljømessig berekraft. Det er eit samfunn som tek overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og ureining, og bidreg til å redusera og førebygga klimaendringar. Det å stoppe klimaendringene er også eit av FNs 17 berekraftsmål. For å nå 1,5- gradersmålet må utsleppa reduserast med omtrent 50 % innan 2030 og vidare mot 100 % i 2050. Å få ein meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging vil kunne vera positiv for økonomien i kommunen vår. Enova og andre instansar kan ein og søkje om støtte frå om kommunen har ein god og ambisiøs kommunedelplan for klima og energi.

Kommunedirektøren vil peika på at Austrheim kommune, som alle andre kommunar må ta sin del av klimaansvaret, og me må planleggja for å verta eit tilnærma utsleppsfritt samfunn på sikt. Det kan vera positivt for folkehelsa, men og for lokal produksjon av mat og andre varer/tenester og kulturlivet å ha eit ambisiøst klimamål. Austrheim kommune må leggje FN sine berekraftsmål til grunn for planen. Statlege planretningslinjer for klima- energi og klimatilpassing er det mest sentrale dokumentet når det gjeld nasjonale føringar for klimaarbeidet. Arealplanlegginga er sentral i arbeidet med å nå nasjonale klimamål, der ivaretaking av viktige naturområde og artar er avgjerande for å sikre økosystemtenester.

Kommunedirektøren synes at Austrheim kommune bør tilnærma seg Vestland fylkeskommune og Bergen kommune sine klimamål. Kommunedirektøren synes at deria klimamål er ambisiøse og realistiske. Parisavtalen som Norge har forplikta seg til å følgja er førande.

Sjøfart står for ein stor del av verda sine klimautslepp. Landbruk og vegtrafikk og oppvarming er og store kjelder. Forbruket vårt gjev store klimautslepp globalt, mykje av dette er produsert og transportert over heile verda før dei kjem til kunden/oss. Vestland fylke skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Kommunedirektøren meiner at Austrheim kommune bør og vera ambisiøs i si satsing framover. Me bør mellom anna satsa på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Søka aktivt på tilgjengeleg støtteordningar vert då viktig framover. Satsing på fleire gang- og sykkelveggar og tiltak innanfor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen er og viktig. Med eit rikt og allsidig idrett, rekreasjon- og kulturliv i Austrheim kommune vil innbygjarane våre kunne ha gode lokale tilbod.

Kommunedirektøren meiner at alle kommunar må bidra aktivt i den største dugnaden verda vår no treng, det hastar. Klimaarbeid er ikkje lenger eit oppdrag for eldsjelene, dette er eit leiaransvar og då sjølvsgt eit politisk ansvar. Ein skal kunne svare på spørsmålet: Bidreg dette tiltaket, vedtaket eller

prosjektet til ei klimaomstilling? Bidreg dette tiltaket til auka eller reduserte klimagassutslepp?

Kommunedirektøren rår til at Austrheim kommune vedtek eit ambisiøst klimamål, og at våre klimamål bør samsvara med Bergen kommune sine. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5-graderskommune.

Konklusjon:

Kommunestyret har som klimamål at Austrheim kommune i 2030 skal vera utleppsfri, i år 2050 ein 1,5-graderskommune. Austrheim kommune skal vera ambisiøs i si satsing framover på alternative energikjelder som fjordvarme, varmepumper og solenergi. Det gjeld og satsing på gang- og sykkelveggar og tiltak innafor friluftsliv, idrett og kultur som fremjar folkehelsa og minkar klimautsleppa i kommunen.

KLIMA OG ENERGI

AUSTRHEIM KOMMUNE

Maylinn Myrtvedt
Klima & energirådgiver

Ørjan Aall
Klimastrateg

Silje Skjelsvik
Prosjektleder og bærekraftstrateg

Mål for timen

Innblikk i kva de har gjort sidan førre klimaplan

Tidlegare medverknadsprosessar

Forankre forslag på klimamål og ambisjonsnivå

Kartlegging: I hvilken grad har dere oppnådd målene fra førre klimaplan, og hvordan har dere målt dette?



ENERGIBRUK

Aktuelle tiltak for å nå mål:

1. Energikontroll
2. Energioppfølging
3. Energifleksibilitet I byggesakshandsaming
4. Vurdere bruk av vassboren varme
5. Vassboren batteri I ventilasjonsanlegg
6. Eigen energibruk
7. Energibruk – idrettsanlegg
8. Energibruk – private hushaldningar
9. Veglys
10. Vurdere års-/levetidskostnader ved investeringar
11. Prioritering av tiltak

Har dere redusert samlet energibruk med 10%?

Har dere økt energifleksibilitet?

Har dere fått på plass fornybare energikilder?

Hva har vært utfordrende og som fremdeles er et ønsket fokusområde?

Akutelle tiltak for å nå mål:

1. Transport – kommunale tenester
2. Betre kollektivtransport
3. Knutepunkt – pendling
4. Gang- og sykkelvegar
5. Miljøvenleg drivstoff
6. Ladestasjonar for el-bil
7. Syklar – el.moped
8. Reduksjon av avfall – gjenbruk
9. Uadressert reklame
10. Redusert papirbruk
11. Lokal luftforureining
12. Tenestereiser
13. Video-/telefonkonferansar
14. Klimaendringar – flaum/ras
15. Klimaendringar – stigning i havnivå
16. Avløpsreisning – kloakk
17. Prosjekt Oljefri

Har dere oppnådd reduksjon av utslepp?

Hvilke tiltak har vært viktig i dette arbeidet?

Hva har vært utfordrende og som fremdeles er et ønsket fokusområde?

Haldningar

Aktuelle tiltak for å nå mål:

1. Klimaendringar – auke kunnskap
2. Haldningsskapande arbeid – born og ungdom
3. Haldningsskapande arbeid - foreldre
4. Haldningsskapande arbeid – innbyggjarane
5. Samarbeid med landbruket
6. Haldningsskapande arbeid – kommunalt tilsette
7. Innkjøp
8. Kortreist mat
9. Redusere avfallsmengd
10. Tomgangskøyring
11. Miljøsertifisering
12. Gjenbruk – datautstyr
13. Lågenergibustader/passivhus
14. Energi – og klimaplanen – ein levande plan
15. Energi – og klimaplan – informasjonsfoldar
16. Evaluering oppfølging

Hvordan er haldningene til innbyggjarane nå?

Er de motivert for å utføre energieffektive tiltak og velge miljøvennlige løysingar?

Hva har vært utfordrende og som fremdeles er et ønsket fokusområde?

Lokal energiproduksjon

Aktuelle tiltak for å nå mål:

1. Spillvarme
2. Varmepumper
3. Enøk-fond

I hvilken grad har dere fått til å benytte dere av lokal energiproduksjon?


Hva har vært utfordrende og som fremdeles er et ønsket fokusområde?

KLIMAMÅL FOR AUSTRHEIM KOMMUNE



Framtida i Austrheim kommune skal byggast på trivsel og livskvalitet med utgangspunkt i ei berekraftig utvikling. Med eit energi- og klimafokus skal Austrheim kommune ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling.

- Energi- og klimaplan for Austrheim kommune 2011-2015



PRODUKSJON

KONSUM

KVA SEIER VERDA?



2050: 1.5-2 GRADER

KVA SEIER NOREG?



2030: 50-55% REDUKSJON
2050: LÅGUTSLEPPSSAMFUNN

KVA SEIER VESTLAND?



2030: UTSLEPPSFRI
2050: LÅGUTSLEPPSSAMFUNN

KVA SEIER BERGEN?



2030: UTSLEPPSFRI
2050: 1.5-GRADERSBY

Bergen ønsker å vise vei mot en bærekraftig klode, og introduserer derfor 1,5-graders byen i 2050. Målet er at innbyggerne i Bergen skal begrense sitt klimafotavtrykk i tråd med FNs klimaavtale. I 2050 skal vi ha nådd målet om at innbyggerne i Bergen bare bidrar med et klimagassutslipp som kloden kan tåle.

Kjelde: Grønn strategi


13-15 tonn

50%

2 tonn


Nå vet dere hvilke klimamål verden, Norge, Vestland og Bergen har.

Hva slags klimamål ønsker dere å sette dere for 2030 og for 2050?



VÅR ANBEFALING:
- FOSSILFRI 2030
- 1.5-GRADERSKOMMUNE 2050
(for å være i tråd med Parisavtalen)

KVA ER AUSTRHEIM KOMMUNE SINE UTSLEPP?



PRODUKSJON

KONSUM


RANGER DESSE UTSLEPPA FRÅ STØRST TIL MINST:

1. INDUSTRI, OLJE OG GASS
2. LUFTFART
3. ENERGIFORSYNING
4. ANNA MOBIL FORBRENNING
5. OPPVARMING
6. JORDBRUK
7. VEGTRAFIKK
8. AVFALL OG AVLØP
9. SJØFART

	Tonn CO2e	Prosent
Sjøfart	22 102	76 %
Jordbruk	4 414	15 %
Vegtrafikk	1 729	6 %
Anna mobil forbrenning	512	2 %
Oppvarming	343	1 %
Avfall og avløp	8	0 %
Energiforsyning	-	0 %
Industri, olje og gass	-	0 %
Luftfart	-	0 %

KVAR HAR DE STØRST POTENSIALE FOR Å REDUSERA
UTSLEPP OG KORLEIS?

INDUSTRI, OLJE OG GASS
LUFTFART
ENERGIFORSYNING
ANNA MOBIL FORBRENNING
OPPVARMING
JORDBRUK
VEGTRAFIKK
AVFALL OG AVLØP
SJØFART



PRODUKSJON


KONSUM

FOLKETS KLIMAFOTAVTRYKK

RANGER DESSE UTSLEPPA FRÅ STØRST
TIL MINST:

1. MAT
2. ENERGI
3. FORBRUK
4. TRANSPORT
5. OFFENTLEG

UTSLEPP PER INNBYGGJAR I AUSTRHEIM KOMMUNE



(1) Energi	4 521	33 %
(2) Transport	2 877	21 %
(3) Offentleg	2 466	18 %
(4) Mat	1 918	14 %
(5) Forbruk	1 781	13 %

KVAR HAR DE STØRST POTENSIALE FOR
Å REDUSERA OG KORELIS?

MAT

ENERGI

FORBRUK

TRANSPORT

OFFENTLEG

Tiltak hører sammen med budsjett

- [Klimasatsmidler](#)
- [Utlysingar \(regionaleforskningsfond.no\)](#)
- [Aktuelle utlysninger - søk om midler fra Forskningsrådet \(forskningsradet.no\)](#)
- [Alle tilskot - Vestland fylkeskommune](#)
- [Støtte til energi- og klimatiltak i virksomheter | Enova](#)
- [Forsiden - Innovasjon Norge](#)

SWECO



Kva kan man få støtte til?

- Klimasatsmidler
- Innovasjon og næringsutvikling
- Prosjekter som gir samfunnsøkonomiske gevinster ved at ny kunnskap og nye løsninger blir tilgjengelige.
- Støtte for å kunne velge nyskapende energi- og klimaløsninger i bygg, områder og energisystem
- Investeringsstøtte til varmesentraler
- Tilskudd til investeringer, utredninger og kompetansetiltak.
- Utvikling av lokalsamfunn

Møtereferat 23.09.21

PROSJEKT: KLIMAPLAN AUSTRHEIM KOMMUNE

Dato: 23. september

Hvor: Teams

Hvem var til stedet: Ørjan, Maylinn og Silje fra Sweco, samt Asbjørn og Rolf Henning fra Austrheim kommune

INNHOOLD

Historikk fra Austrheim Kommune:	3
Målt effekt av elbilparken?.....	3
Båttransport	3
Tungtransport.....	3
Jordbruk.....	3
Mulig ny utbygging	3
Samarbeid.....	4
Gjennomføring av forrige klimaplan fra 2011	4
Mål.....	4
Ambisjon.....	4
Generelt.....	4
Aktiv distriktspolitikk	4
Sweco sin anbefaling	5
Gjøremål:.....	5

HISTORIKK FRA AUSTRHEIM KOMMUNE:

- Klimaplan fra 2011 har vært førende for arbeidet i kommunen
- Prioritert ladestasjoner
- Oljefyring i private hus er vekke
- Propangass i kommunehuset og sykehjemmet har stengt av anlegget. Vedtak at det skal stenges fra høsten av. Erstatning: varmepumpe?
- Alle bygg over 500m² skal ha vannbåren varme
- Økonomi og ressurser har spilt en rolle
- Regulering av gang og sykkelveier. Forbedre sykkelvei til skoler og butikker rundt det er mange folk.
- Holder på med miljøsertifisering – miljøfyrtårn.

MÅLT EFFEKT AV ELBILPARKEN?

- Kjøper elbiler for kommunaldrift
- Pendlere for nabokommune: elbil
- Privatpersoner: elbil

BÅTTRANSPORT

- Gjennomgående trafikk. Til mongstad, ferger, lastefartøy, fiskeri. Liten påvirkningskraft på dette.
- Grønne havner? Fergene er hybrid. Har nye ladestasjoner til ferger.
- Hurtigbåt – lading? om fylkeskommunen vil gjøre noe med båtene er Austrheim med.
- Privatbåt: mange store og små båter.

TUNGTRANSPORT

- Mye lastebiler til Mongstad. Finnes det alternativer som å komme med hydrogenbåter?
- Mye industri i Gulen – trafikk gjennom Austrheim.

JORDBRUK

- Lite landbruk i forhold til sysselsetting. Storfekjøttproduksjon, sau, eggproduksjon, melkeproduksjon og fiskeoppdrett.

MULIG NY UTBYGGING

- Landbasert fiskeoppdrett
- Batteriproduksjonsfabrikk

Møtereferat 23.09.21

- Klimahensyn ved etablering: ja. Prøver å plassere ny industri ved mest steinunderlag. Massene som tas (torv og jord) fra området flyttes til nærmeste bønder for raskest mulig nytte.

SAMARBEID

- Samarbeid med nabokommunene for å skape synergieffekter? Har et regionråd hvor det snakkes mye om det grønne skiftet – alle er opptatt av det.

GJENNOMFØRING AV FORRIGE KLIMAPLAN FRA 2011

- Offentlige bygninger: skole på Kaland. Ombygging førte til at BKK ikke leverer nok strøm. Vannbåren varme og nytt ventilasjonssystem. Solceller? Ja, interessert. Austrheim ønsker å gå foran.

MÅL

- Opptatt av at alle skal gjøre en jobb for den grønne omstillingen. Vise at man kan få et godt liv av å tenke annerledes.
- Opptatt av direkte og indirekte utslipp.
- Mål/problemstilling: Skal være lønnsomt å gjøre det rette
- Om lag 2.900 innbyggere som raskt kan snu

AMBISJON

- Parisavtalen og nasjonal
- Se på forbruk – konsum

GENERELT

- Få forankret tydelige mål og omfang
- Motivere folkehelseperspektiv
- Intensiver – villig til det? Som f.eks betalte parkeringsplasser. Problemstilling: eksempel: kjøring av unger til trening.

AKTIV DISTRIKTSPOLITIKK

- Få folk til Austrheim sentrum istedenfor å ta turen til Bergen. Dette vil være synlig på regnskap og positivt for kommunen.

SWECO SIN ANBEFALING

Er å være i tråd ned nasjonalt nivå og FN. Sikte mot Vestland fylkeskommune sin ambisjon.

Austrheim kommune: kjør på.

Drøfte med fylke om en felles forankring.

GJØREMÅL:

Sweco skal komme opp med mål og omfang

- Bruke data fra kjente kilder – Miljødirektoratet for å se om de er styrende eller ledende.
- Ducky for å kvantifisere innbyggernes fotavtrykk.
- Legge frem mulighet rundt en finsk plattform for tydelig kommunikasjon med innbyggerne.
- Kan hjelpe med å finne gode støtteordninger til den grønne omstillingen.
- Klimabudsjett? - trenger ikke det eksplisitt, men det blir liggende inni klimastrategien.

Sweco trenger grunnlagsdata for å si hvilke tiltak som er klimavennlige.

Austrheim Kommune

- Dere kan jobbe fritt, være kreativ, jobbe selvstendig og ta gode grep.

Sweco leverer

- Forslag om ambisjonsnivå: mål og omfang.
- Legge frem den finske plattformen
- Jobbe parallelt med tiltak.

Austrheim ønsker både kommunedelplan og handlingsplan. De tar seg av klimatilpasning selv. Sweco skal sammenstille og ferdigstille fremlegg til kommunedelplan og handlingsprogram.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
108/21	Formannskapet	PS	21.10.2021
083/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-033	21/1123

Mandat og retningslinjer for val av ungdomsrådet

Vedlegg

Retningslinjer for Austrheim ungdomsråd

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek retningslinjene for Austrheim ungdomsråd slik dei ligg føre.
2. Følgjande representantar vert vald til Austrheim ungdomsråd:

Frå Årås skule:

8.klasse: Solfrid Gjerde Skoge (representant)

Julie Johansen Isene (vara)

9.klasse: Simen Fønnes (representant)

Sofie Risnes (vara)

10.klasse: Aura Øksnes Nordgard (representant)

Frida Hjertås (vara)

Frå Kaland skule:

10.klasse: Annicka Sletten (representant)

Frå Austrheim vidaregåande skule:

Evelyn Risnes Bjørnbekk (representant)

Emil Ånneland (representant)

Niklas Risnes (vara)

Sunniva Vallestad Årås (vara)

Funksjonstid er 2 år om ikkje anna er oppgitt. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Formannskapet - 108/21 - 21.10.2021

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at etter endringar i kommunelova og etter at vi har endra skulestrukturen måtte ein endre retningslinjene for ungdomsrådet. Ein ønskjer engasjert ungdom i rådet, dei treng ikkje vere heimebuande i kommunen og det er teke omsyn til den gamle skulekrinsen med ungdom frå Åsheimkrinsen.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøytes vedteke

FS - vedtak:

1. Kommunestyret vedtek retningslinjene for Austrheim ungdomsråd slik dei ligg føre.
2. Følgjande representantar vert vald til Austrheim ungdomsråd:

Frå Årås skule:

8.klasse:	Solfrid Gjerde Skoge	(representant)
	Julie Johansen Isene	(vara)
9.klasse:	Simen Fønnes	(representant)
	Sofie Risnes	(vara)
10.klasse:	Aurora Øksnes Nordgard	(representant)
	Frida Hjertås	(vara)

Frå Kaland skule:

10.klasse:	Annicka Sletten	(representant)
------------	-----------------	----------------

Frå Austrheim vidaregåande skule:

Evelyn Risnes Bjørnbekk	(representant)
Emil Ånneland	(representant)
Niklas Risnes	(vara)
Sunniva Vallestad Årås	(vara)

Funksjonstid er 2 år om ikkje anna er oppgitt. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Alle kommuna skal opprette ungdomsråd. Ungdomsrådet er eit rådgjevande medverknadsorgan i kommunar og fylkeskommunar. Kvar kommune skal oppretta eit eige ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom og dette kravet følgjer av kommunelova § 5-12.

Alle saker som gjeld ungdom skal føreleggjast ungdomsrådet. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ. Føremålet med ungdomsrådet er å bidra til å sikra ei brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjeld ungdom.

Det er kommunestyret som sjølv vel ungdomsrådet. Ungdomsrådet skal ha ei funksjonstid på inntil to år, og medlemmane i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. Ein representant kan sitje i ungdomsrådet sjølv om vedkomande er fylt 19 år, så lenge vedkomande var innvald før.

Organisasjonar som representerer ungdom har rett til å fremja framlegg om medlemmar til det rådet

som representerer interessene deira. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

BUFDIR har utarbeidd ein rettleiar for ungdomsråd og den kan du finna her:

<https://bufdir.no/fagstotte/produkter/ungdomsråd/>

Kva funksjon har ungdomsrådet?

Det skal gje råd til kommunen slik at kommunestyret har eit betre grunnlag for avgjerslene sine, ifølgje kommunelova. Rådet har rett til å koma med synet sitt på ei sak, men ikkje ei plikt. Det er opp til rådet å vurdere om det skal gje ei fråsegn. Rådet kan med det avgjerde kva saker dei vel å koma med innspel til.

Ungdomsrådet skal også uttale seg på vegne av ungdom. Ungdomsrådsmedlemene er folkevalde, det vil seie at dei er vald til å representere ungdom i kommunen sin.

Rådsmedlemene har både møte- og talerett til møta i rådet. Medlemmer som er tilstades i eit møte, har plikt til å stemme når ei sak vert teken opp til avrøysting. Medlemene har både rett og plikt til å delta i møta i rådet. At dei har plikt til å møte, tyder at dei må kome på møta i rådet med mindre dei har gyldig forfall.

Dersom det er ei konkret sak som rådet gjerne vil ta opp i eit møte med kommunestyret, kan dei be om taletid, men det er opp til kommunestyret å avgjere om dei skal få denne moglegheita.

Valperiode

Valperidoen er den perioden medlemmene som er vald til rådet skal ha ververt som rådsmedlemmar. Kommunelova seier at valperioden for ungdomsrådet er inntil to år. Det er inga grense i kommunelova for kor mange gonger ein medlem kan veljast, men kan altså ikkje vere fylt 19 år på valtidspunktet.

Ein tilrår at ein vanlegvis har ei funksjonstid på 2 år både for representantar og vararepresentantar.

Retningslinjer

Det har tidlegare vore retningslinjer for Austrheim ungdomsråd. Desse er no justert og ligg ved. Dei har vore drøfta i ungdomsrådet tidlegare. Desse er no i tråd med ny kommunelov frå 2020.

No er det vedteken at ungdomsskulen er samla i Austrheim. Det gjer at det er naturleg å endre samansetjinga av ungdomsrådet. Det vert vald ein representant og ein vararepresentant frå kvar klasse på ungdomssteget. Ein må sikra god kjønnsbalanse og dei som vert vald inn representerer ungdom i heile Austrheim.

Økonomi

Ungdomsrådet får ein eigen budsjettpost som dei sjølv disponerer. Dei set sjølv opp budsjett for bruk av midlane. Budsjettet vert lagt fram for formannskapet som er økonomiutval i kommunen.

Medlemene i ungdomsrådet skal ha møtegodtgjersle, jmf. kommunelova §8-4. Det er kommunestyret som fastset kor mykje godtgjering dei har krav på.

Midlar til ungdomsrådet skal setjast av i årleg budsjetthandsaming.

Vurdering

Ein tilrår at kommunestyret vedtek framlegg til rutiner for Austrheim ungdomsråd og vert gjeldande frå hausten 2021.

Ein tilrår at følgjande representantar vert vald til ungdomsrådet med ei funksjonstid på 2 år om ikkje anna er oppgitt.

Frå Årås skule:

8.klasse:	Solfrid Gjerde Skoge	(representant)
	Julie Johansen Isene	(vara)
9.klasse:	Simen Fønnes	(representant)
	Sofie Risnes	(vara)
10.klasse:	Aura Øksnes Nordgard	(representant)
	Frida Hjertås	(vara)

Frå Kaland skule:

10.klasse:	Annicka Sletten	(representant)
------------	-----------------	----------------

Frå Austrheim vidaregåande skule:

	Evelyn Risnes Bjørnbekk	(representant)
	Emil Ånneland	(representant)
	Niklas Risnes	(vara)
	Sunniva Vallestad Årås	(vara)

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv.

Konklusjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek retningslinjene for Austrheim ungdomsråd.
2. Følgjande representantar vert vald til Austrheim ungdomsråd:

Frå Årås skule:

8.klasse:	Solfrid Gjerde Skoge	(representant)
	Julie Johansen Isene	(vara)
9.klasse:	Simen Fønnes	(representant)
	Sofie Risnes	(vara)
10.klasse:	Aura Øksnes Nordgard	(representant)
	Frida Hjertås	(vara)

Frå Kaland skule:

10.klasse:	Annicka Sletten	(representant)
------------	-----------------	----------------

Frå Austrheim vidaregåande skule:

	Evelyn Risnes Bjørnbekk	(representant)
	Emil Ånneland	(representant)
	Niklas Risnes	(vara)
	Sunniva Vallestad Årås	(vara)

Funksjonstid er 2 år om ikkje anna er oppgitt. Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv med leiar

og nestleiar.



AUSTRHEIM KOMMUNE

RETNINGSLINJER
FOR
AUSTRHEIM UNGDOMSRÅD

Gjeldande frå 2021



§ 1 FØREMÅL OG MYNDE

Kvar kommune skal opprette eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, dette kravet følgjer av kommuneloven § 5-12.

Austrheim ungdomsråd skal fremje ungdommen sine interesser og tale deira sak i Austrheim kommune.

Austrheim ungdomsråd skal vera eit kontakt- og interesseorgan der ungdom i kommunen kan drøfta saker som vedkjem dei, og få høve til påverknad og medverknad i kommunale saker. Arbeidet i ungdomsrådet skal øva barn og unge i demokratiske arbeidsformer, gi høve til auka samfunnsengasjement og fremja gode oppvekstvilkår i kommunen.

§ 2 ARBEIDSOMRÅDET

Ungdomsrådet har rett til å møta med 2 representantar (leiar, nestleiar eller den / dei rådet peikar ut) i dei politiske styringsorgana i Austrheim (kommunestyre, formannskap, andre aktuelle råd og komitear). Gjennom denne møteretten skal Austrheim ungdomsråd gje politikarane i Austrheim kommune råd om handsaminga av saker som vedkjem barn og unge. Ungdomsrådet kan også ta opp saker det sjølv meiner er viktige for ungdommane i Austrheim. Representantane kan gjevast talerett i dei organ det er avgjort.

Rådet er underlagt kommunestyret v/ordføraren og kommuneadministrasjonen v/kommunedirektøren i høve til organisering, drift og økonomi.

Representantane frå ungdomsrådet får tilsendt sakspapira til møta i dei styringsorgana der dei har rett til å møta.

Rådet er fast høyringsinstans i saker som skal ut på høyring.

Uttalar frå ungdomsrådet i saker som er til handsaming i kommunale organ, skal følgja saksdokumenta som vedlegg i den vidare handsaminga heilt fram til endeleg vedtak vert gjort.

§ 3 SAMANSETJING AV RÅDET

Ungdomsrådet skal vera samansett av ungdom i alderen **12 til 18 år**. Rådet skal ha minst 40 % (3 representantar) av kvart kjønn.

Val til Austrheim ungdomsråd er slik:

- **1 representant + 1 vara frå kvar klasse på ungdomskulen.**
- **2 representantar + 2 personlege vara frå Austrheim vidaregåande skule.**

Ungdomsrådet si funksjonstid følgjer skuleåret og vala skal vera avvikla innan 15. september kvart år. Valperioden er 2 år for alle.



Det nye rådet trer i funksjon så snart det er formelt vald av kommunestyret (kommuneloven § 7-1). Dette bør skje i løpet av oktober måned.

Ungdomsrådet konstituerer seg på første rådsmøte. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemmane i rådet, og fordeler andre aktuelle roller. Ungdomsrådet får ansvar for val av representantar til Ungdommens fylkesting.

Dersom nokon går ut som representant i rådet i løpet av valperioden, rykker vararepresentanten inn i rådet. Det skal då veljast ny vararepresentant for resten av valperioden. Går ein vararepresentant ut, skal det veljast ny vararepresentant.

§ 4 ORGANISERING OG MØTEVERKSEMD

Ungdomsrådet skal ha minst eit møte kvar måned (oktober- mai). Møta er opne for publikum. Det bør utarbeidast ein fast møteplan for rådet for eit ½ år om gongen, gjerne i tilknytning til kommunestyremøta.

Vedtak skal gjerast i møte, og minst 3 representantar / ev. møtande vararepresentantar må vera tilstades for at rådet skal kunna gjera vedtak.

Vararepresentantane skal få innkallinga og sakspapira til møta i rådet, og kan møta på rådsmøta med tale- og forslagsrett, men har ikkje røyserett utan at vedkomande møter i staden for den faste representanten han / ho er vararepresentant for.

Innkalling og sakspapir til møta skal sendast ut seinast 8 dagar på førehand.

Når det gjeld store saker som påverkar ungdommane sin kvardag vil ungdomsrådet gå i dialog med elevråda i Austrheim og få innspel frå dei. Elevråda kan likevel ikkje binda medlemer i ungdomsrådet i samband med handsaminga av rådet.

Det skal førast møtebok frå ungdomsrådet sine møte.

Rådet kan invitera politikarar og representantar frå kommuneadministrasjonen til møta i rådet for å få orientering, stilla spørsmål eller drøfta ei sak.

Møta i rådet skal leggjast til etter skuletid og leggjast til Ungdommens hus dersom ikkje anna vert avgjort.

Leiar og nestleiar førebur og legg fram saker som skal til handsaming i rådet.



Kvart år i løpet av hausthalvåret skal det vera eit kontaktmøte mellom ungdomsrådet og den politiske og administrative leiinga i kommunen (formannskap, kommunedirektøren si leiargruppe og kommunen sin barne- og ungdomsrepresentant).

Møtet skal førebuast og leggjast opp av arbeidsutvalet i rådet, ordførar og kommunedirektøren. Desse sender i fellesskap ut innkalling til møtet.

Møtet bør haldast før kommunestyret si budsjetthandsaming.

Kontaktmøtet skal drøfta saker av felles interesse, men skal ikkje gjera bindande vedtak i dei sakene som vert drøfta.

Ungdomsrådet vel sjølv den arbeidsforma rådet ønskjer. Rådet kan skipa til arrangement dei finn tenleg og lagar ein årsplan.

Det skal utarbeidast møtereglement for ungdomsrådet. Rådet godkjenner reglementet.

§ 5 ADMINISTRASJON OG ØKONOMI

Kommunen skal halda tilfredsstillande sekretariatshjelp for rådet.

(forskrift om medvirkningsordninger § 3). Rådet får tenester frå sekretariatet på lik linje med kommunale styringsorgan. Kommunedirektøren organiserer og legg til rette sekretariatsfunksjonen.

Kommunen stiller kontorplass til rådvelde for rådet.

Medlemmane i ungdomsrådet får betalt for møter.

Rådet får eigne midlar til rådvelde etter løyving / vedtak i kommunestyret.

Ungdomsrådet sitt budsjett skal innarbeidast i kommunebudsjettet og synleggjerast som eigen post.

Ungdomsrådet utarbeidar eige budsjett for midlane dei er tildelt. Budsjettet vert lagt fram til formannskapet til orientering.

§ 6 SKULERING

Det skal årleg gjennomførast ei skulering av representantar og vararepresentantar i ungdomsrådet.

§ 7 INHABILITET / UGILDSKAP

Den som er inhabil/ugild i ei sak, skal ikkje vera med å drøfta eller avgjera saka. (Jfr. habilitetsreglane i Forv.lova.)

§ 8 ENDRING

Ungdomsrådet kan kome med framlegg om å endra retningslinene for rådet.

Framlegg om endring skal fremjast for kommunestyret som gjer vedtak.

Kommunestyret kan og komme med framlegg om å endra retningslinene for ungdomsrådet. Før vedtak vert gjort, skal rådet ha kome med uttale til endringsframlegget.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/21	Formannskapet	PS	21.10.2021
084/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-250, HistSak-20/367	21/27

Utviding av ramme for startlån

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune søker Husbanken om ei ekstra tildeling på 10 millionar kroner, for å kunna tilby som startlån.

Formannskapet - 103/21 - 21.10.2021

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at administrasjon og ordførar har hatt møte med Husbanken og at dei oppfordra kommunen om å søkje om ei ekstra tildeling. Ordførar Per Lerøy la til at Husbanken ønskjer at kommunane bidreg til at folk kan nytte ordninga med startlån.

Handsaming i formannskapet:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Austrheim kommune søker Husbanken om ei ekstra tildeling på 10 millionar kroner, for å kunna tilby som startlån.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunen låner årleg ein sum av Husbanken for vidarelån som startlån. Ordninga er meint for personar som ikkje får lån eller tilstrekkeleg lån i vanlege bankar/kredittinstitusjonar. Det er krav om at søkeren skal kunna betjena lånet over tid, men i tilfelle der søker har varig låg inntekt er det

mogleg å tilby lang nedbetalingstid på opptil 50 år, slik at den månedlege kostnaden blir låg.

Låna kan gå til kjøp av bustad, utbetring og tilpassing av bustad, oppføring av ny bustad, eller refinansiering av dyre lån dersom det bidreg til at husstanden kan bli buande der dei bur. Bustaden skal vera eigna for husstanden, nøktern, og rimeleg samanlikna med prisnivået elles på staden.

Dette er jamfør «Forskrift om lån fra Husbanken» § 5-2 og § 5-3.

Når det gjeld prioritering av søkarar, går det fram av rettleiaren utarbeidd av Husbanken at det er barnefamiliar som skal prioriterast. Omsynet til barnas behov for stabile og gode oppvekstvilkår er avgjerande, der ein ønskjer å skapa ein stabil busituasjon for borna, og leggja til rette for å eiga framfor å leiga.

Tidlegare var startlån frå kommunen ofte gitt som topplån for å fullfinansiera, der lån i vanleg bank tar mesteparten av kjøpesummen. Dette er ikkje så vanleg no, og det er også konkrete tilfelle her hjå oss der den private banken ikkje vil gje lån dersom toppfinansieringa er startlån, sannsynlegvis utfrå at ei slik fullfinansiering kan bety større økonomisk risiko enn kjøp med eigenkapital.

Vurdering

I 2020 medan Austrheim framleis var på Robek-lista, hadde kommunen berre ein mindre sum for vidareformidling som startlån. No i 2021 er det søkt om og fått 10 millionar kroner til vidare utlån. I tillegg har det komme inn litt ekstra innbetalingar, der startlån er innfridde i samband med sal av bustader, og dette er sett av til nytt utlån.

Per september 2021 står det att 8,5 millionar til utlån, av dette vil rundt 4,8 millionar gå til startlån til tre familiar. Prosessen for desse tre er på ulike stadium, frå søknadshandsaming til at ein ventar på utbetaling til seljar.

På same tid har me no fått inn søknader i eit samla omfang av 24 750 000 kroner. Det er ikkje gjort konkrete vurderingar for alle søknadene, men jamt over er dette barnefamiliar som i dag leiger bustad. Med dei midlane som er disponible i dag, vil kommunen måtta senda svar til flesteparten om at årets pott er tom, og at søknader må sendast inn på nytt i 2021.

For mange av søkarane er det lite truleg at den økonomiske situasjonen vil endra seg mykje på eitt år, dei vil også i 2022 leiga bustad, mangla eigenkapital, og ha vanskar med å få lån i ein vanleg bank. Det vil på denne måten bygga seg opp ein søknadsmasse som blir skubba frå eitt år til eit anna, til dei anten gjev opp å søka, flyttar frå kommunen, eller er så heldige å vera dei første til å levera søknad. For enkelte vil det gjerne ikkje vera aktuelle bustader å søka startlån til i starten av året, slik at dei aldri vil komma i ein reell situasjon til å få lån.

Husbanken sitt regionkontor vest har i haust hatt eit møte med kommunen, representert ved ordførarar og administrasjonen, og der vart det oppfordra til at kommunen søker om ei ekstra tildeling i tillegg til den vanlege tildelinga. Det er midlar tilgjengeleg, var meldinga frå Husbanken.

Konklusjon

Sidan det er eit behov for større midlar til startlånsordninga, og det er mogleg å få dette utanom den vanlege runden, bør kommunen søka Husbanken om eit påfyll no i haust. Dette vil også gjera at det vert lettare for nye søkarar å få startlån i 2022, frå midlar som kommunen låner gjennom den

ordinære tildelingsrunden.

Dersom formannskapet meiner å ha kompetanse til å ta opp lån for vidare utlån av denne typen, utan å senda saka vidare til kommunestyret, rår ein til at det vert gjort. Første kommunestyre er 11. november, og det kan vera seint for å få nytta desse midlane i inneverande år.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
085/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Stein Kåre Løvslett	FA-X20	21/13

Fullmakt til ordfører ved handtering av covid-19 pandemien

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev ordfører fullmakt til å gjere vedtak i saker knytt til handtering av covid-19 pandemien. Slike tiltak kan mellom anna vere utarbeiding av lokal forskrift.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med handtering av covid-19 pandemien må kommunestyret delegere avgjersmynda si til ordfører (varaordfører i ordfører sitt fråvær) når smittesituasjonen etter kommunelegen/smittevernlegen si vurdering krev rask innføring av tiltak. Slike tiltak må innførast gjennom lokal forskrift. Det er kommunestyret som har mynde til å vedta slik lokal forskrift. I kommunelova § 6-1 4. til 6. avsnitt står det:

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv gi ordføreren myndighet til å

- a. treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning*
- b. treffe vedtak i hastesaker etter § 11-8 første ledd*
- c. opprette utvalg som skal forberede saker som ikke har prinsipiell betydning.*

Formannskapet og fylkesutvalget kan selv gi ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.

Ordføreren skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan den delegerte myndigheten er benyttet.»

Vurdering

Som det har vist seg etter normaliseringa av samhället etter dei strenge tiltaka under covid-19 pandemien er smittepresset blitt noko uforutsigbart. Det kan bli naudsynt med rask utarbeiding av forskrifter for handtering av ein smittesituasjon. Inntil smittesituasjonen er meir under kontroll bør det gjevast fullmakt til ordfører/varaordfører til å treffa vedtak i hastesaker etter §11-8 første ledd

eller saker knytt til handtering av smitte ved covid-19. Fullmakta gjeld ved utarbeiding av forskrift og tiltak som ikkje kan vente til ordinært møte i kommunestyret. Saker som er avgjort på fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret til orientering.

Konklusjon

Kommunestyret gjev ordførar/ varaordførar fullmakt til å avgjere saker knytt til handtering av covid-19 . Saker som er avgjort etter fullmakt, vert lagt fram for kommunestyret som referatsak i første ordinære møte etter vedtak.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
086/21	Kommunestyret	PS	11.11.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033, HistSak-19/738	21/255

Suppleringsval - ny vara for Bygdelista i kommunestyret

Vedlegg

Ny vara for Bygdelista i kommunestyret

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret føretek suppleringsval for å fylla den ledige plassen på Bygdelista si varaliste. Partiet får etter dette slik representasjon:

- | | |
|----------------------------|---------------------|
| 1. Marita Terese Bru | vald representant |
| 2. Jan Erik Espelid | 1. vararepresentant |
| 3. Jan Nordø | 2. vararepresentant |
| 4. Renee Hansen Semmingsen | 3. vararepresentant |
| 5. Joakim Lerøy Kjenes | 4. vararepresentant |

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Bygdelista har bedt om at det vert gjort suppleringsval for å fylla den ledige plassen på varalista deira, ein plass som har stått ledig sidan Atle Utkilen gjekk bort.

Vurdering

Bygdelista har i dag ein vararepresentant mindre enn dei kan ha, etter at 1. vara rykka opp på den faste plassen i kommunestyret. Eit suppleringsval som her inneber at den representanten som var bak siste varaplass ved valoppgjeret, rykker opp til vara. Prinsippet i vallova og kommunelova er at varamedlemmer vert innkalla «i den nummerorden dei er valde», og det vil ein følgja også her.

Valoppgjeret var slik etter valet i 2019:

- | | |
|---------------------|-------------------|
| 1. Atle Dag Utkilen | vald representant |
|---------------------|-------------------|

- | | |
|----------------------------|---------------------|
| 2. Marita Terese Bru | 1. vararepresentant |
| 3. Jan Erik Espelid | 2. vararepresentant |
| 4. Jan Nordø | 3. vararepresentant |
| 5. Renee Hansen Semmingsen | 4. vararepresentant |
| 6. Joakim Lerøy Kjenes | |

Etter at Marita Bru gjekk inn som fast medlem i kommunestyret:

- | | |
|----------------------------|---------------------|
| 1. Marita Terese Bru | vald representant |
| 2. Jan Erik Espelid | 1. vararepresentant |
| 3. Jan Nordø | 2. vararepresentant |
| 4. Renee Hansen Semmingsen | 3. vararepresentant |
| 5. Joakim Lerøy Kjenes | |

Etter suppleringsval:

- | | |
|----------------------------|---------------------|
| 1. Marita Terese Bru | vald representant |
| 2. Jan Erik Espelid | 1. vararepresentant |
| 3. Jan Nordø | 2. vararepresentant |
| 4. Renee Hansen Semmingsen | 3. vararepresentant |
| 5. Joakim Lerøy Kjenes | 4. vararepresentant |

Konklusjon

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å gjennomføra suppleringsval som oppsett.

Fra: jnordo@broadpark.no jnordo@broadpark.no <jnordo@broadpark.no>

Sendt: 13.10.2021 10:19:24

Til: Ketil Tjore <ketil.tjore@austrheim.kommune.no>

Emne: Ny vara for Bygdelista i kommunestyret

Hei, Ketil.

Etter Atle sin bortgang har vi manglet vara på plassen etter Reneé Semmingsen. Vi ber derfor om at det blir gjort suppleringsvalg til denne 4. varaplassen i neste kommunestyremøte.

Mvh Jan Nordø

sekretær

Bygdelista i Austrheim